



ABO Plan & Arkitektur AS


Saksbehandlar, innvalstelefon

Diana Ekren Grundt, 5764 3152


## Uttale - Oppstart - Reguleringsplan - Sveio 40/59 mfl - Sveio sentrum - Plan ID 2024901

Me viser til dykkar oversending datert 6.5.2024. Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeid for gnr.40, bnr. 59, Sveio kommune.

Planområdet er opplyst å vera om lag 18 daa,. Det er sett av til offentleg tenesteyting og noko er sett av til sentrumsføremål. Gjennom referatet frå oppstartsmøtet ser me at kommunen ynskjer å nytte område som i gjeldande plan frå 2019 vart regulert til offentleg føremål og badeanlegg, til blant anna ny barnehage, og føremålet med planarbeidet vert no å leggje til rette for etablering av ulike offentlege formål med tilkomstveg og tilhøyrande parkering, samt vidare utvikling av kringliggande område innanfor planen. Utbyggingsvolum og byggjehøgder frå gjeldande plan er planlagt vidareført i den nye planen. Det er vurdert at planarbeidet fell utanfor plikta om konsekvensutgreingar i KU- forskrifta.



Framlegg til plangrense



Flyfoto fylkesatlas

### Merknader

Statlege planretningslinjer og regionale planar skal som kjent alltid leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § §§ 6-2 (2) og 8-2. Sentralt i dette arbeidet er statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og samordna bustad, areal og transportplanlegging.

Me ber også om at den nye statlege planretningslina for arealbruk og mobilitet vert vurdert.



### *Klima og energi*

Kommunen skal i planlegginga innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusera utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og meir miljøvenleg energiomlegging, jf. statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Me viser til Miljødirektoratet si nettside [www.klimatilpassing.no](http://www.klimatilpassing.no) der ein finn aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing.

### *Naturmangfald*

Det er satsa nasjonalt på at tap av biologisk mangfald skal stoppast, og nedbygging av areal til ulike føremål vert samla sett rekna som eit av dei største trugsmåla mot naturtypar og artar. Konsekvensane for naturmangfald som følgje av endring av arealdisponeringa i planområdet skal vurderast etter naturmangfaldslova, og me føreset at naturmangfaldslova og paragrafane i kapittel II i lova vert vurdert i planomtalen, og at dei vert lagt til grunn for utarbeiding av planen. Kommunen bør vurdere om det er behov for å innhente ny oppdatert kunnskap.

### *Støy*

Me minner om retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021), og at kommunen har ansvar for å sikra tilfredstillande støytilhøve i si arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Planlegginga skal som kjent ikkje berre vere avgrensa til areal- og ressursforvaltning, men også omfatte m.a. miljøfaktorar. Eit viktig mål med planlegginga etter plan- og bygningslova vil såleis vere å unngå arealdisponeringar som inneber støykonfliktar.

### *Born og unge*

Det går fram av føremålsparagrafen i plan- og bygningslova at prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i all planlegging og omsynet til barn og unge skal ivaretakast i planlegginga. Dei rikspolitiske retningslinene for barn og planlegging stiller konkrete krav til kvalitet og funksjonar for areal som vert nytta av barn og unge. Me viser til retningslinene, og ber om at desse vert lagt til grunn i planen.

Me viser vidare til kunnskapsdepartementet sin rettleiar for utforming av barnehagens uteareal, der det er omtala om plassering av barnehagar, om lokalklimatiske tilhøve med meir, og også om rettleiande norm for inne- og uteareal<sup>1</sup>. Me rår til at rettleiaren vert vurdert, og at kommunen ser til om det er behov for presiseringar til føresegnene i detaljreguleringsplanen, i høve til eigna kvalitetar barna skal ha i sin barnehagedag. Det er særst viktig at areal har kvalitetar som gjer det best eigna som leikeareal, både inne og ute.

Rikspolitiske retningsliner av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller òg nærare krav til ivaretaking av born og unge sine interesser i planprosessen. Me viser elles til temarettleiar T-1513 om born og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, samt rettleiar H-2302 om medverknad i planlegging.

### *Grønstruktur, blågrøne verdiar*

Det er viktig at planarbeidet sikrar grønstruktur og blågrøne verdiar av omsyn til det biologiske mangfaldet i området, friluftsliv, rekreasjon og leik. Planarbeidet må her sjå på eksisterande grønstruktur i samanheng med born og unges interesser.

---

<sup>1</sup><https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4225.pdf>



### *Landskap og sentrumsutvikling*

Me ser det er lagt til grunn at deler av gjeldande plan er førande for dette planarbeidet. I gjeldande plan er det opna for at det kan reisast bygg opp til 15 meter mønehøgd, og det er ynskje om at ein kan behalde denne moglegheita i ny plan. Me rår difor til at det vert gjort konkrete og gode vurderingar i høve til kva som er god tilpassing og kva som er god utnytting av nytt areal. Dette må ha eit visst samspel med omkringliggjande område, som t.d. kyrkja, og barnehagen sin plassering.

### *Samfunnstryggleik og beredskap*

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. plan- og bygningslova § 3-1 bokstav f, g og h. Plan- og bygningslova § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet, slik at verknadene for planen kan vurderast. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve bør merkast på plankartet med omsynssone, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene. Me viser m.a. til KMDs rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling», DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (jan. 2018).

Me ber om at det vert teke omsyn til at det kan vere marin leire i grunnen.

### *Medverknad*

Alle som fremjar eit planframlegg skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. plan- og bygningslova § 5-1. For å leggje til rette for meir, betre og enklare medverknad, vil me rå kommunen til å leggje planen ut på internettkartet ved høyring. Dette er viktig for å gjere det enklare å medverke for folk. Slik kan dei sjå ev. konsekvensar og samanhengar lettare, og kunne danna seg eit heilskapsbilete av situasjonen i området ut frå eigen situasjon.

Statsforvaltaren vil koma med ytterlegare innspel og merknader når planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonssjef

Diana Ekren Grundt  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Postboks 291  
5203 OS

---

Dato	12.06.2024
Vår referanse	2024/26500-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Arvid Hauge
E-post	Arvid.Hauge@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til oppstartsmelding for reguleringsplan for gnr. 40 bnr. 59 m. fl., PlanID 2024901 Sveio sentrum, Sveio kommune

Vi viser til brev datert 08.02.24 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 40 bnr. 59 m. fl., PlanID 2024901 Sveio sentrum, Sveio kommune. Hovudføremålet med reguleringa er endring av eksisterande reguleringsplan frå 2019 for å leggje til rette for etablering av ulike offentlege formål med tilhøyrande tilkomstveg og parkering, samt vidare utvikling av kringliggjande område innanfor planen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til offentlig og privat tenesteyting, omsynssone for støy og omsynssone for bevaring av kulturmiljø og aktsemdområde for marin leire. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Planfaglege merknadar

Føremålet med reguleringa er endring av eksisterande reguleringsplan frå 2019 for å leggje til rette for etablering av ulike offentlege formål med tilhøyrande tilkomstveg og parkering, samt vidare utvikling av kringliggjande område innanfor planen. Ein har ikkje spesifisert kva for bruk ein ynskjer på området, med unntak av å setja av areal til kommunal barnehage. Vestland fylkeskommune føreset at ein i vidare utvikling av planen tek omsyn til føringar i mellom anna kommuneplan, kommunal planstrategi og kommunedelplan Sveio sentrum.

Regionale føringar må og følgjast i planen. Vestland fylkeskommune ber om at ein i det vidare arbeidet med planen tek omsyn til og innarbeider regionale planføringar der dette er relevant. Dei kan ein finna her: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/>

### Barn og unges interesser og universell utforming

Regional plan for folkehelse sett retningslinjer for lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. Det skal sikrast gode uteareal. Kvaliteten på og tilgjenge til områda må vere såleis at born kan bevege seg til og frå på ein trygg og naturleg måte. Barnehagen skal vere helsevenleg utforma og kunne bidra til å gje borna gode arenaer for fysisk aktivitet og sunne levevanar.

Utforminga må vere av høg kvalitet både estetisk og materielt. Det er eit føremon at uteareal også kan nyttast som leike- og møteplass, har god og attraktiv utforming og tilfører området gode kvalitetar både som leikeområde og møteplass.

Det er eit mål i Regional plan for folkehelse at Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn. Universell utforming må difor leggjast til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga, med heilskapleg og gjennomført design/arkitektur.

Tiltak for tilrettelegging også for grupper som har ulikt fysisk funksjonsnivå vil kunne sikra at fleire kan nytta seg av ute-, leike- og opphaldsareala. Dette vil vere viktig for moglegheita for aktivitet og sosial deltaking for flest mogleg.

Tilrettelegging for tilkomst, synbarhet, kontrastar, merking og utbetring av nivåforskjellar for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma bør innlemmast som eige del av planen. Leikeareal bør utformast slik at dei er universelt utforma, har god og attraktiv utforming og tilfører området gode kvalitetar både som leikeområde og møteplass.

Ved utvikling av barnehage bør en og vurderer om området vil kunne nyttast som møteplass og stad for leik utanom barnehagens opningstid. Ved å sikra ei utforming som inviterer til slik bruk, vil staden kunne fungera som ein lokal møteplass og stimulera til auka aktivitet for born og unge. Dette vil vere i tråd med regional plan for folkehelse kor eit av måla er å leggja til rette for å skapa gode, trygge og aktive nærmiljø for folkesetnaden.

Det anbefalast og å nytte temahefte frå KS om «Design for mangfold. Universell utforming i skoler og barnehager» ved utforming av barnehage. Den kan ein finne her: [Hefter om universell utforming - KS](#).

#### Landskap, arkitektur og estetikk

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader.

Nye tiltak bør spegle si tid, og gjennom nyskaping og tilpassing vere eit verdfullt bidrag til det lokale bygningsmiljøet. Planområdets eigenart og karakter må takast omsyn til, og nye bygg og strukturar må tilpassast strøkkarakter på ein god måte.

Ein bør særleg taka omsyn til arkitektur, materialval og terrenginngrep i prosessen vidare. Byggehøgder må taka omsyn til eksisterande kyrkje og verknad på denne.

#### Folkehelse

Skjerming frå støy er ein viktig faktor for trivsel og helse. Støy bør greiast ut for i tidleg fase i planlegginga og bli lagt til grunn for plassering og utforming av bygg.

#### Klima, energi, miljø og naturmangfald

Nybygging er eit viktig bidrag til klimagassutslepp. Vi oppmodar difor at det vert sett fokus på klimavenlege materialval i vidare planarbeid. Vi oppmodar vi om at føresegnene definerer krav til materialbruk og energiløysingar i nye bygg, for både bygge- og driftsfase, og i et livsløpsperspektiv. Haldbar og berekraftig byggeskikk tek omsyn både til sosiale høve og naudsynte tiltak for klimaomstilling. Til dømes bør ein unngå å bruke betong der det er mogleg ettersom betong har eit høgt klimafotavtrykk.

#### *Overvasshandtering*

Endringar i klima med meir totalt nedbør og meir intenst nedbør vil auke utfordringar med handtering av overvatn. Utbygging vil kunne føre til at naturlege avrenningsvegar og vegetasjonsmessege fordrøyningar vil kunne endrast eller fjernast, noko som kan ha stor effekt på overvassituasjonen. Det er difor svært viktig at det allereie frå tidleg planlegging rettast eit særleg fokus på korleis overvatn skal handterast i planområdet.

#### Kulturminne

Saka er vurdert av regional kulturminnestyresmakt, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

#### *Automatisk freda kulturminne*

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet. I samband med tidlegare planarbeid, blei det i 2012 gjennomført arkeologisk registrering i heile arealet som no på ny skal detaljregulerast. Det blei ikkje påvist funn av automatisk freda

kulturminne i marka. Angående arkeologiske kulturminneinteresser er arealet klarert, og vi har ingen merknader i saka på noverande stadium i planprosessen.

### Samferdsel

#### *Generelle innspel til planarbeidet*

Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker
- Grunnundersøkingar

Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for alle offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn.

#### *Særlege innspel til dette planarbeidet*

Vestland fylkeskommune legg til grunn at verknadane planløysingar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing. Det bør gjerest ei trafikkanalyse kor tilkomst, transportmiddel og blant annet behov for parkeringsdekning blir belyst. Vi ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskildringa, ROS-analysen og konsekvensutgreiinga (KU) der det er kram om KU. Dersom det skal gjerest endringar i vegbane eller i avkøyrslar/kryss er det behov for rekkefølgjekrav for å sikre opparbeiding. Det kan verte behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkefølgjekrav om tiltak på fylkesveg.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/> .

### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg vekt på barn og unges interesser og universell utforming, landskap og arkitektur, klima, kulturminne og samferdsel.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
Fagansvarleg  
NPI – Plan, klima og analyse

Arvid Hauge  
rådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for NPI – næring, plan og analyse

Øyvind Neteland Dybvik, Mats Korneliussen, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

Tore Slinning, KFO – arealplan, seksjon for kulturarv

## Kopi mottakarliste

Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER



## Statens vegvesen

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS  
Torgbakken 9

5411 STORD

Merete Refstie Hageberg

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 45611029

Vår referanse:  
24/123841-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
07.06.2024

### Svar – Varsel om oppstart av planarbeid – Detaljregulering for gnr. 40, bnr. 59 m.fl. Sveio sentrum, Mellombels PlanID: 2024901 – Sveio kommune

Vi viser til brev i frå ABO Plan og Arkitektur motteke hos oss 13.05.24, med varsel om oppstart av reguleringsarbeid i ovannemnde område i Sveio kommune.

#### Kva varselet gjeld

Slik Statens vegvesen forstår det så gjeld oppstartvarselet eit areal i Sveio sentrum som i kommuneplanen er avsett til offentleg tenesteyting, sentrumsføremål. Det er også ein detaljplan i området med intensjon om etablering av eit badeanlegg på staden.

Slik vi oppfattar det er intensjonen no å leggje til rette for ulike offentlege føremål utan at dette er spesifisert nærare, enn at delar av området er tiltenkt barnehage. Tilkomst og parkering til desse områda er også eit tema. Området har ein storleik på i alt 18 daa, og framstår som eit jordbruksareal med noko parkering i nord-austre hjørne.

#### Statens vegvesen si rolle i planarbeidet

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Statens vegvesen si vurdering av oppstartvarselet

Når det gjeld samferdsle i Sveio sentrum så er det Fv 541 som er den viktigaste vegen frå aust mot vest. Vegeigar er då Vestland fylkeskommune. Fylkesvegen har ein døgntrafikk på om lag 2000 biler. Det er tilbod til mjuke trafikantar i form av fortau gjennom sentrum. Vest av planområdet er det gang og sykkelveg med tradisjonell utforming med rekkverk. Både

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

vest og aust av området er det kollektivhaldeplassar, slik at ein kan kome til planområdet ved å bruke buss og kort gange.

Planområde er lokalisert i Sveio sentrum med busetnad, kyrkje og næring på dei næraste areala. Ei utbygging på området vil fortette dagens sentrum. Vi vurderer at i tillegg til barnehage kan det kome til annan arealbruk i løpet av detaljreguleringa. Vi vurderer det som føremålsteneleg at ein etablerer funksjonar på staden som på ein naturleg måte harmonerer med barnehagefunksjonen. Både med tanke på dei behova og utfordringane ein barnehage har, men også med tanke på type trafikk som skal til og frå dette området.

### **Parkering**

Tilkomst og parkering er ein del av dei trafikale momenta som er nemnd i oppstartvarselet. Allereie er det eit parkeringsareal på staden i dag. Truleg vil det vere fornuftig å vidareutvikle dette området med tanke på parkering. Delar av parkeringsarealet bør vurderast å reservera til ladeformål for elbiler. Det må også vere handicap-parkering lett tilgjengeleg i området. Statens vegvesen legg også til grunn at det vert etablert gode areal til sykkelparkering i området. Bruk av sykkel vil fremme ein miljøvennleg transport, samstundes som sykling også vil gje positive vinstar for folkehelsa.

### **Kryss – Avkøyrslar**

Ut i frå dagens situasjon i Sveio sentrum bør det ikkje kome fleire kryss eller avkøyrslar på Fv541. Vi ser det som naturleg at ein nyttar dei tilkomstane som eksisterer i dag med naudsynte oppgraderingar som gjev betre effektiv ferdsle og meir trafikktryggleik. Alternativt bør ein vurdere å slå saman fleire tilkomstar til ein, med eit høveleg internvegnett på staden.

Dersom det ved planarbeidet kjem fram trong for vurdering av fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette vegeigar før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

I samband med ny utbygging i tettstader vil vi framheve at det er viktig å ha fokus på trafikksikre løysningar for renovasjon og varelevering tidleg i planlegginga.

Vi legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

### **Samanfatning**

Ovanfor har Statens vegvesen peika på trafikale moment som vi finn til å vere sentrale i det vidare planarbeidet. Vi legg til grunn at våre merknadar vert teken med i det vidare planarbeidet. Viktige dokument i arbeidet vil vere Veglova, Vegnormal N100 og V121 Sykkelhandboka. Vi har særleg lagt vekt på mjuke trafikantar si ferdsle i sentrum, samt tilkomst til Fv 541 og parkering. Vår uttale er ikkje uttømmende på nokon måte. For at vi skal kunne stille oss positive til eit framtidig planforslag, må dei trafikale utfordringane i

planen vere løyst på ein tilfredsstillande måte som fremmer trafikktryggleik og effektiv ferdslé på ein miljøvenleg måte

Transportvest/Transportforvaltning Vest 3  
Med helsing

Kjell Erik Myre  
Fungerande seksjonsleiar

Sigmund Bødal  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
SVEIO KOMMUNE, Postboks 40, 5559 SVEIO  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postboks 32  
5401 STORD

**Vår dato:** 23.05.2024

**Vår ref.:** 202408657-2 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:**

**Saksbehandler:** Sigrid Johanne

Langsjøvold/ 22959701/sjl@nve.no

## **NVEs generelle innspel til varsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering - Gnr. 40 bnr. 59 m.fl. - Sveio Sentrum - Mellombels planID 2024901 - Sveio kommune**

Vi viser til varsel om oppstart datert 6.5.2024.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE prioriterer å gi konkrete innspel og uttala til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle varsel om oppstart til reguleringsplanar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

### **NVE si generelle rettleiing**

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.



På NVE sine nettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med hilsen

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Sigrid Johanne Langsjøvold  
Seniorrådgiver

*Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.*

### **Mottakere:**

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

### **Kopimottakere:**

Sveio kommune

Vår saksbehandlar  
Monica Drage Thorbjørnsen

Dokumentdato  
10.05.2024  
Dykkar dato

Vår referanse  
2024/87-560  
Dykkar referanse

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS  
Att.Merete Refstie Hageberg  
Torgbakken 9  
5411 STORD

## Automatisk tilbakemelding - Varsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering for gbnr. 40/59 m.fl. i Sveio sentrum - mellombels PlanID: 2024901

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som råkar følgjande område:

- Verksemdar som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemdar
- Transport av farleg gods
- Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltarens si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

**Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.**

**Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.**

Vi viser elles til [www.dsb.no](http://www.dsb.no) for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemdar.

Med helsing  
for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Arkiv

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

**Postadresse**  
Direktoratet for  
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014  
3103 Tønsberg

**Kontoradresse**  
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

**E-post**  
Postmottak@dsb.no

**Telefon**  
33 41 25 00

**Internett**  
[www.dsb.no](http://www.dsb.no)

**Organisasjonsnummer**  
974 760 983

## VS: Innspel angVarsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering for gnr. 40, bn...



Post ABO Stord

Til Merete Refstie Hageberg



14.05.2024

**Fra:** Steinar Vikse <[viksemaskin@me.com](mailto:viksemaskin@me.com)>

**Sendt:** onsdag 8. mai 2024 22:20

**Til:** Post ABO Stord <[poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no)>

**Emne:** Innspel angVarsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering for gnr. 40, bnr. 59 m.fl., Sveio sentrum, Mellombels PlanID: 2024901, Sveio kommune

You don't often get email from [viksemaskin@me.com](mailto:viksemaskin@me.com). [Learn why this is important](#)

Hei.

Så vidt eg veit har ikkje kommunen lov å fjerna så mykje dyrka jord som dette i henhold til planar om jordvern. I ein kommune med svært lite dyrka jord synes eg det er merkeleg at det litle me har alltid må oftast til utbygging. Me har nok av Haug og hump å ta av. Det ligg vel også fleire areal i nærheten som kunne vore like eigna som ikkje hadde berørt matjorda.

Det må være eit krav i alle slike planar at dyrka jord spesielt matjorda blir fordelt til bønder i nærleiken og nye areal tatt i bruk. På denne måten held ein seg innanfor krava til nedbygging av matjorda

Finnes det noko plan for dette i dette prosjektet?

Hilsen.

**Steinar Vikse**

Leiar i Sveio bondelag

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postboks 32  
5401 Stord

Dato: 09.06.2024

## **Felles uttaling frå Sveio sokneråd og kyrkjeleg fellesråd til høyring planarbeid Detaljregulering for gnr. 40 bnr. 59 m.fl., Sveio sentrum**

Sveio sokneråd og Sveio kyrkeleg fellesråd har registrert at ABO Plan & Arkitektur Stord AS på oppdrag for tiltakshavar Sveio kommune v/drift og anlegg, Per Riise, set i gang arbeid med detaljregulering for gnr. 40 bnr. 59, Sveio sentrum og har ute på høyring forslag til endringar og innspel i plan- og bygningsloven med høringsfrist 9. juni 2024. Sveio sokneråd og kyrkjeleg fellesråd gir her ei felles uttaling til planarbeidet i dette dokumentet.

Sveio sokneråd er eigar av kyrkjebygget og Sveio kyrkjeleg fellesrådet er dei som opptre på vegne av sokna når det gjeld drift og vedlikehald av kyrkjebygga.

Vi har nedenfor fleire argument og synspunkter vi håpar de tek til betraktning ettersom kyrkjebygget og gravplassen vil bli ein av barnehagen si nærmaste nabo.

### **60-meter vernegrense for bureising nær kyrkjebygg**

Kirkeloven § 21 femte ledd fastsett i dag at i spreiddbygde områder er bureising ikkje tillate nærmare kyrkja enn 60 meter utan tillating av departementet. Dette er ein gammel lov, som då kyrkelova vart vedteken i 1996 blei videreført frå den tideligare kyrkelova av 1897, jf. der § 24. Opprinnelig var formålet å verna kyrkjene mot brann gjennom avstand til omkringliggende bureising. Kyrkjene er dessutan ofte plassert på sentrale og fremtredende stader i kulturlandskapet og bevisst formet som landemerker, som også er et omsyn som regelen skal ivareta.

### **Kyrkjebyggets plassering i norske bygder og byer – historiske perspektiver**

Kyrkjebygget, typisk med ein omkringliggende gravplass, har tradisjonelt hatt ei sentral plassering i norske bygder og byer. Som oftest var dette det einaste eller det største offentlige bygget. Alle borgere hadde eit forhold til kyrkja, og nesten alle brukte den. Etter

reformasjonen utøvde statsmakten mykje av si makt gjennom kyrkjebygget, knytta til undervisning og opplysning, gjennom forordningar, avstraffelser og myje anna, i tillegg til kjerneoppgåvene i forbindelse med kyrkjjas ritualer og liturgiske oppgaver.

Kyrkjebyggets form, storleik og tårn, det påkostede interiøret, sentral plassert ved ferdselsårer som vegar og vatn, gjorde at kyrkja og kyrkjestaden som oftast blei stadens identitetsskapar og fokuspunktet i landskapet. Arkitektur, alder, lokal tilknytning og tradisjoner gjer dei fleste kyrkjebygg til kulturminner av høg lokal, regional eller nasjonal betydning.

I ei tid der stedsidentitet og fellesverdier stadig blir viktigare, er det vesentleg å bevare dei deler av det visuelle landskap og den felles erindring som ligger i kyrkjebygget og gravplassen. Dette er fremdeles stader for viktige livsriter – ikkje berre for det største trossamfunnet i Norge, men for alle borgere, sidan nesten alle begravnes på gravplassen.

Synleggjeringa av lokalsamfunnets historie gjennom dei gamle fellesbygga bidreg til å gje eit sted dets identitet. Sidan kyrkjebygget ofte er det eldste og mest påkosta bygget, blir kyrkja og gravplassen rundt kjerneelementer i stedsutforminga. Dette gir livskvalitet og tilhørigheit som bidreg til at folk ynsker å bli boende eller flytte til ein stad.

### **Behov for vernegrense**

Kyrkjebygga er som del av det lokale landskap sårbar for nye bygg og konstruksjoner, avhengig av beliggenhet, siktlinjer fra innfartsveier og sjøveien. Det er viktig å forhindre bureising som skjemmer eller skjuler kyrkjebygget og kyrkjestaden. Ofte er siktlinjer og synlighet langt viktigere enn de 60 meterne.

Samfunnsutviklinga med raskere stedsomforming, fortetting og høgare konstruksjonar, samt aukande oppmerksomheit og interesse for stedsidentitet og gode visuelle miljøer, tilseier at områda ved mange kyrkjer og gravplassar krev ein større aktsomheit. Dette gjeld ikkje berre i spreiddbygde områda, men også i bygdesentra, tettstadar og byar.

Dimensjonane på nye kommunale bygg kan vera store og helst skal alt byggast i høgden, for å spare plass. Det kan lett påvirka det visuelle miljøet der det plasserast. Både med tanke på kva stedsskapende elementer samfunnet skal bringe vidare i tiden fremover og på den spesielle bruken kyrkjer og gravplasser har, er det viktig å videreføre 60-metersregelen og oppgradere den til vår tids behov.

Dette betyr at ein ikkje kan sjå blindt på dei 60 meterane og heller ikkje begrensa omsyna til «spreiddbygde strøk». Det er også viktig at det takast omsyn til dei handlingar som finn stad i og nær kyrkja og ute på gravplassen. Dette handlar om støy og ein viss diskresjon knyttet til gravlegging og besøk av graver. Høg bureising tett opp mot desse anlegga påverkar både moglegheit for diskresjon og verdigheit ved handlingane og for dei besøkande.

Vi vil med dette reise spørsmål til undring og betraktning:

- Det står skreve ein maksimal høgde på 15 m. Korleis vil dette prege Sveio kyrkje som eit signlabygg og landemerke?
- Vil støy frå barnehagen påverke diskresjon og verdigheit ved begravelse og gravbesøk?

Vi ber herved om at den lovbestemte 60 m sona blir helde og omsyn rundt høgde i forhold til kyrkja blir tatt ein utredning på.

Sveio sokneråd og Sveio kyrkjeleg fellesråd ber også om å bli tidleg involvert i vurderingar av ulike alternativ for utforming av barnehagen.

Sveio sokneråd

Anne Vierdal

Sveio kyrkjeleg fellesråd

Rita Holmedal

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ole Johann Sveen <[svoj54@hotmail.com](mailto:svoj54@hotmail.com)>

Sendt: tirsdag 11. juni 2024 09:38

Til: Post ABO Stord <[poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no)>

Emne: Oppstart planarbeid 40/9 i Sveio sentrum.

[You don't often get email from [svoj54@hotmail.com](mailto:svoj54@hotmail.com). Learn why this is important at <https://aka.ms/LearnAboutSenderIdentification> ]

Hei.

Beklager at eg er to dagar for seint ute med merknader til planarbeidet. Vonar likevel at mine innspel vert tekne med i det vidare arbeidet.

Eg heiter Ole Johan Sveen og eig naboeigedommen 40/4.

Eg har ein septiktank liggjande innafor planområdet. Mannabergveien 9 og 11 er knytta til denne. Den blei etablert i 1969. Fram til for nokre år sidan , var også deler av kommunehuset knytta til denne.

I det vidare arbeidet vil eg tru at kommunen må etablere ei ny ordning for avløpet frå desse bustadane.

Vidare så vil eg gjere merksam på at naboeigedommen i den nye kommunedelplanen for Sveio sentrum , er lagt ut til bustadformål. Vonar difor at ein i planarbeid ser på om valg av vegtrase blir slik at den ein gong i framtida også kan vere tilkomstveg til mitt areal.

Mvh Ole Johan Sveen.

Tlf 911 24 492

Sendt fra min iPhone